UTSKRIFT AV SKJÖNSBOKA FOR
LENSMANNEN I LEIKANGER.

År 1973 den 12. juli vart det i medhald av lov om naturskader frå 9. juni 1961 og endringslov av 8. juni 1967 halde takst over skade på skogsvegen i Henjadalen i höve söknad om stönad av 29.11. 1971 frå dei interesserte brukarane av vegen v/ formannen for grenda, Olav O. Henjum, jmf. brev 4/4-73 og 4/6-73 frå takststyraren og Naturskadefondet sine svarbrev av 17.4. og 13/6-1973.

Vegen vart skada av flaum i Henjumselva den 2.11.1971 i ei lengd av omlag 1500 m. etter det som er oppgjeve i söknaden.

Andeler i vegen er fastlagde ved bindande skön halde 6. oktober 1949, avheimla 22.5.1950.

Dei interesserte i vegen er som fylgjer og med andeler som nedanfor:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. | Leif Dahlheim, | med andel | 148,24/3115 | |
| 2. | Ivar I. Henjum | " | 25,3/3115 | |
| 3. | Anders L. Henjum | " } | 56,95/3115 | |
| 4. | Olav T. Fosse | " } | | |
| 5. | Olav H. Grinde | " } | | |
| 6. | Eirik Henjum | " | 274,85/3115 | |
| 7. | Skak Henjum | " } | 283,82/3115 | |
| 8. | Jörgen Henjum, gnr.17 bnr.14 | } | | |
| 9. | Nils Krosshaug | " | 51,78/3115 | |
| 10. | Arne Stadheim | " | 78,93/3115 | |
| 11. | Olav O. Henjum | " | 225,71/3115 | |
| 12. | Erling Röysum | " | ~~XXXXXXXXX~~ | 116,61/3115 |
| 13. | Erling Lende | " | 12,65/3115 | |
| 14. | Brita Henjum | " | 129,28/3115 | |
| 15. | Arne Skeide | " | 34,65/3115 | |
| 16. | Jens Palne | " } | 342,26/3115 | |
| 17. | Turid Palne | " } | | |
| 18. | Johs. L. Henjum | " | 173,53/3115 | |
| 19. | Nils A. Röysum | " } | | |
| 20. | Kristen Fredheim | " } | 84,61/3115 | |
| 21. | Jörgen Henjum, gnr 17 bnr 21 | " | 94,61/3115 | |

| | | |
|---|---|---|
| 22. Eirik A. Röysum, gnr 18 | med andel | 299,51/3115 |
| 23. Knut A. Knutsen | " | 14,16/3115 |
| 24. Olav Halland | " } | |
| 25. Ivar Halland | " } | 14,16/3115 |
| 26. Eirik Husabö | " | 14,16/3115 |
| 27. Anders Henjesand | " | 34,65/3115 |
| 28. Nils J. Röysum | " | 170,24/3115 |
| 29. Johs. Holen | " | 88,29/3115 |
| 30. Nils Fagerheim | " | 66,28/3115 |
| 31. Sigurd Opthum, gnr bnr | " | 14,16/3115 |
| 32. Kristina Henjum | " } | 28,33/3115 |
| 33. Sigurd P. Henjum | " } | |
| 34. Leif Christensen | " | 6,32/3115 |
| 35. Staten (Fylkesmannsgarden) | " | 32,67/3115 |
| 36. Staten (Prestegarden) | " | 14,16/3115 |
| 37. Nils A. Röysum, gnr 18 bnr | " | 146/3115 |

Nr. 35 og 36 har ikkje krav på vederlag, men er tekne med på grunn av oversynet vedk. andelene i vegen.

Taksten vart sett i heimen hjå grendaformannen, Olav O. Henjum, 5840 Hermansverk.

Takststyrar: lensmann Sigvart Sörum

Takstmenn: Sorenskrivaren i Ytre Sogn har den 23. mars 1972 nemnt opp desse takstmenn:

1. Ingeniør Sigurd Fredheim, 5840 Hermansverk
2. Montör Gunnar Ölfernes, 5842 Leikanger

og som varamenn:

1. Teknikar Svein Haugen, 5842 Leikanger
2. Gardbrukar Mikkel Grinde, 5842 Leikanger

Takstmennene er innkalla til teneste med brev av 4.6.73 frå takststyraren.

Som takstmenn gjorde teneste:

1. Ingeniør Sigurd Fredheim og
2. Montör Gunnar Ölfernes,

Saka gjeld: Takst i höve skade valda på vegen i Henjadalen som fylgje av elveflaum 2.11.71 då omlag 1500 m av vegen vart skada ved at deler av vegen vart reven bort av flaumvatnet. Dei interesserte har i brev av 29.11.71 meldt av om skaden og omfanget av den.

Dei interesserte er varsla om taksten i brev av 3.7.73 frå takststyraren.
Av dei interesserte mötte fram til taksten.
1. Nils A. Röysum, 2. Johs. Holen, Johs. L. Henjum, 4.Olav O. Henjum. 5. Nils J. Henjum. 6. Skak Henjum. 7. Jens Palne. Dessuten mötte medlem i styret i grenda: Johannes E. Henjum.

Dei frammötte sa seg samde i at delingsgrunnlaget fastsett i lensmannsskjönn avheimla 22.5.1950 er bindande for alle dei interesserte i vegen.

Takststyraren gjorde mennene merksame på at dei er ugilde til å gjera teneste dersom dei er i noko höve som nemnt i domsstollova §§ 106 og 107, jmf. § 108, eller skjeönslova § 16, og bad dei og dei mötande partane seie frå om det var so.

Det vart ikkje gjort noko motmæle mot takstmennene eller takststyraren.
Båe takstmennene har gjeve lovnad og gjort teneste tidlegare.
Takststyraren la fram meldinga om skaden frå dei skadelidne påfört mennsoppnemninga og tilseiing.
Lov om erstatning for naturskader §§ 5-22 vart lesne.

Partane hadde ordet.

Deretter gjekk takstmennene, takststyraren og partane på synfaring. Under synfaringa synte det seg at vegen har fått store skader. Den er totalskada påfleire stader ved at den er heilt bortriven av flaumvatnet, og elles er vegbana på lengre strekningar utgraven, tildels i djupn, og på desse stadene må den fyllast oppatt. Fleire stikkrenner er öydelagde eller attfylte. Vegen ligg for det meste langs elvekanten, og på dei vegstykka som er bortrivne ved elva vil det verta företeke elveforbygning av vassdragsstellet, som har planlagt og kostnadsrekna forebyggingane til kr. 95.000,-. Under taksten idag hadde ein planane for forebygginga tilstades. Bortsett frå eit av brota, der vegen er heilt bortriven, vil vassdragsstellet sine forebyggingar verta oppförde slik at toppen av dei kjem so högt at dei vert i plan med tidligare vegbane, og vegen vert såleis liggjande på toppen av forbyggingane.
I denne taksten vert såleis berre medrekna planering og grusing oppå fyllingane (forbyggingane), som vert utförde av vassdragsstellet.

Etter synfaringa heldt taksten fram for verdsetjing og avheimling den 29.08.73.

Takst for skader m.v. vart halde over:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Frå pel | 0-1, | oppgrusing 100 m a kr. 15,- ............... | kr. 1,500,- |
| " " | 1-2, | oppfylling og grusing, gröfterens, 480 m a kr. 20,- ............... " | 9,600,- |
| " " | 2-3, | 185 m. ingen vegbaneskade, ............... " | 0,000,- |
| | | Ny mur på båe sider av Hjellanegrovi, 4 m³ betong a kr. 500,- ............... " | 2,000,- |
| | | Sikring av brukar, ............... " | 1,000,- |
| " " | 3-4, | 70 m. lengde, oppfylling og grusing a kr. 15,- pr. l.m. ............... " | 1,050,- |
| " " | 4-5, | 180 m. oppfylling og grusing a kr. 10,- pr. l.m. ............... " | 1,800,- |
| " " | 5-6, | 360 m. ingen skade, ............... " | 0,- |
| " " | 6-7, | 30 m. oppfylling og grusing a kr. 17,- pr. l.m. ............... " | 510,- |
| " " | 7-8, | Ingen skade, ............... " | 0,- |
| | | overförast, ............... " | 17,460,- |

| | | |
|---|---|---|
| overført, ........................ | kr. | 17,460,- |
| Frå pel 8-9, 45 m.oppfylling og grusing a kr. 15,- pr. m. ........................ | " | 675,- |
| " " 9-10, Ingen skade, (.135.m) ........................ | " | 0,- |
| " " 10-11, 30 m. opprydding av ras, ................ | " | 1,000,- |
| " " 11-12, 120 m. ingen skade, .................... | " | 0,- |
| " " 12-13, 120 m. oppfylling og grusing a kr. 30,- pr. m. ........................ | " | 3,600,- |
| " " 12-13, Stikkrenne, ........................ | " | 500,- |
| " " 12-13, -- " -- ........................ | " | 500,- |
| " " 13-14, 130 m. ingen skade, .................... | " | 0,- |
| " " 14-15, 100 m. oppfylling og grusing a kr. 20,- pr. 1.m. ........................ | " | 2,000,- |
| " " 15-16, 80 m., ingen skade, .................... | " | 0,- |
| " " 16-17, 120 m. fylling, og 160 m. oppretting og grusing, m³, pris kr. 10,- löpemeterpris kr. 12,- , ................ | " | 3,120,- |
| " " 17-18, 25 m. lengde, ingen skade, ............ | " | 0,- |
| " " 17-18, Stikkrenne v/pel 18, ................ | " | 300,- |
| " " 18-19, 90 m. oppretting og grusing a kr. 15,- | " | 1,350,- |
| Opprensking av stikkrenne, ............ | " | 100,- |
| " " 19-20, 240 m. oppfylling og planering og grusing ( 1 m³, pr. 1.m.) a kr. 30,- .. | " | 7,200,- |
| Ny stikkrenne, 10 m. lengde, ............ | " | 1,000,- |
| " " 20-21, 240 m. oppfylling og grusing a kr.20,- | " | 4,800,- |
| " " 21-22, 135 m., ingen skade, .................... | " | 0,- |
| [illegible] | | [illegible] |
| 10 % uforutsett, ........................ | kr. | 4,400,- |
| ~~Takstane er samröystes, og~~ | | |
| | kr. | 48,005,- |

Taksten er samröystes, og eksklusive moms.

Takstane byggjer på prisane som var gjeldane dagen før skaden.

Takstboka vart opplesen.

Sigv. Sörum (sign).

Gunnar Ulfernes (sign). Sigurd Fredheim (sign).

Rett utskrift vert vitnas:

Harald Fossen

- Harald Fossen -
lfm.